



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/103681-12

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.05.2019

Ber om opplysning til sak – Reiskapslager ved sagbruk – Fv. 409 – Gnr. 24 bnr. 13 – Radøy kommune

Statens vegvesen har mottatt søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs veg for å oppføre reiskapslager på gnr. 24 bnr. 13 i Radøy kommune, sjå vedlegg. Vi har vurdert søknaden og har spørsmål knytt til denne som vi ber kommunen ta stilling til.

Området er uregulert og avsett til LNF-føremål jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Vi ber først om ei avklaring om tiltaket (reiskapslager / sagbruk) er del av gardsdrifta og om tiltaket er i samsvar med LNF-føremålet. Dersom bruken ikkje er del av gardsdrifta må kommunen vurdere om tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og om det treng dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen.

Søknaden er grunngjeve med at lagerbygget skal avlaste arealet langs fylkesvegen, slik at det ikkje lengre vert lagra tømmer og utstyr i dette området. Vi ser at det er eit stort behov for å rydde opp arealet langs vegen, og at tiltaket slik sett kan vere positivt for trafikktryggleiken langs fylkesvegen. Vi vil også vise til at lagring av utstyr og tømmer langs veg i seg sjølv er søknadspliktig.

Vi er kritisk til omsøkte plassering fordi inn- og utkøyring til lageret skjer på privat veg som også er tilkomstveg til Hordabø idrettsanlegg. Vegen er open for ålmenn ferdsle. Når vi godkjenner nytt bygg innanfor byggjegrensa, stiller vi til vanleg krav at det skal vere snu- og manøvreringsareal på eigen grunn. Slik vi tolkar innsendt materiale medfører løysinga rygging og manøvrering på naboeigedom og på den private vegen som har blanda trafikk til Hordabø idrettsanlegg. Vi legg til grunn at det er både gåande og syklende som ferdast i området, og vi ser det som viktig at tryggleiken for mjuke trafikantar i dette området vert teke i vare. Vi ber om ei avklaring frå kommunen kva som er formell status på den private vegen. Dersom kommunen vurderer å gje løyve til tiltaket meiner vi det må stillast krav til utforming av arealet langs den private vegen ved sagbruket slik at området vert meir trafikksikkert.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det er heller ikkje klart for oss kva avkøyrsla eigedomen nyttar til offentleg veg. Dersom det er den regulerte avkøyrsla for området som skal nyttast, må kommunen vurdere om tiltaket medfører utvida bruk av denne.

Sluttord:

Før vi behandlar søknad om dispensasjon frå byggjegrense etter veglova, ber vi Radøy kommune ta stilling til om tiltaket er eit landbrukstiltak og om tiltaket er i samsvar med føresegnene i kommuneplanen. Vi meiner dette er eit område der det er viktig å ta omsyn til mjuke trafikantar. Vi vil og vise til at dette er eit område der det kan vere behov for å samordne ulike omsyn jf. plan og bygningslova §12-1.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing



Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Siv. ing. Vidar Mjøs, Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN

Vedlegg:
Situasjonsplan for omsøkte tiltak.



Gbnr. 24/13 Harald Mellingen
Reidskaps hus ved sagbruk
Oversiktskart
110119 / VM